



**Naustdal-Gjengedal
verneområdestyre**

Instruks for handtering av ulovlege forhold i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde.

Innleiing

Visse typar aktivitet og verksemd i verna natur er regulert gjennom naturmangfaldlov, verneforskrift og anna lovverk. Kort fortalt seier desse reglane kva som er lov, kva som ikkje er lov og kva ein kan søkje om og få løyve til å gjere inne i eit verneområde.

Med slik regulering av kva som er lov og ikkje lov, må det og følgje med mogelegheit til å reagere på det som ikkje er lov. Dersom ein ikkje risikerer reaksjonar om ein bryt reglane, mistar regelverket sin verdi.

Dersom det vert avdekka ulovlege forhold, er det viktig at dette vert handtert på korrekt måte. Det er heilt naudsynt at både prosessen vert gjennomført i tråd med regelverket, og at eventuell reaksjon har heimel i lov eller forskrift.

Heimelsgrunnlaget

Naturmangfaldlova har fleire reglar kring handheving av regelverket og sanksjonar ved brot på reglane.

Dette gjeld føresegner om:

- Retting og avbøtande tiltak (§ 69)
- Direkte gjennomføring (§ 71)
- Tvangsmulkt (§ 73)
- Miljøerstatning (§ 74)
- Straff (§ 75)

Jamfør brev frå Miljødirektoratet datert 14.11.2016 vert det delegert mynde til nasjonalpark- og verneområdestyra etter naturmangfaldlova §§ 69-73

Med andre ord kan verneområdestyret ilegge sanksjonar i form av retting, avbøtande tiltak, direkte gjennomføring og tvangsmulkt.

Delegeringa gjeld ikkje sanksjonar i form av miljøerstatning eller straff.

Naturoppsynet

Statens naturoppsyn er feltapparatet til den statlege naturforvaltninga. Dei har avgrensa politimynde etter ei rekke lovar som regulerer verksemd i naturen, både i verna områder og elles i naturen.

Handtering av ulovlege forhold i landskapsvernområdet

- Det er fleire offentlege instansar som kan følgje opp og reagere på ulovlege forhold i landskapsvernområdet. Verneområdestyret, Statens naturoppsyn, Fylkesmannen, Miljødirektoratet og politiet kan alle ha roller i slike saker. Kven som følgjer opp kvar enkelt sak, kjem an på saka og kor alvorleg den er.
- Den som kjem over ulovlege forhold, enten det er naturoppsyn, forvaltar, styremedlemmer eller andre tilknytt forvaltninga av landskapsvernområdet, skal so snart som råd varsle dette til rette instansen.
Det er ikkje nokon nødvendigvis den som oppdagar eller avdekkjer eit forhold, som skal handsame saka vidare.

Vi skil mellom saker som har vore handsama av forvaltningsstyresmakta og dei som ikkje har vore det:

- Ulovlege forhold i saker som har vore handsama av forvaltningsstyresmakta, vert følgt opp av verneområdestyret. Det kan mellom anna vere:
 - Søknadspliktig tiltak eller verksemd som har fått avslag, men som likevel vert gjennomført
 - Tiltak eller verksemd som har fått løyve, men som går ut over det løyvet som er tildelt
 - Brot på vilkår i løyve

Verneområdestyret bør i slike saker vurdere sanksjonane i naturmangfaldlova §§ 69-73. Alvorlege tilfelle skal meldast til politiet.

- Ulovlege forhold som ikkje har vore handsama av styret, vert følgt opp av Statens naturoppsyn. Det kan til dømes vere søknadspliktig bygging eller motorferdsel, kor dette ikkje er søkt om i det heile.
- Alvorlege saker som skal meldast til politiet (dersom eitt eller fleire av desse momenta er til stades):
 - Omfattande brot på lov/forskrift/løyve
 - Store konsekvensar for naturmangfold eller risiko for dette
 - Sterk grad av utvist skuld
 - Sterke allmennpreventive omsyn
- Handtering av ulovlege forhold skal skje i tråd med Rettleiar M-617 | 2016 «Oppfølging av ulovlige forhold i verneområder» frå Miljødirektoratet.